



Notat

Til: Sveinung Kvamme, Jon Askeland, Katarina Birkeland, Rune Rydland

Kopi til:

Saksbehandler: Kultur- og sørvistorget/Bente Kopperdal Hervik

Vår referanse: 14/302 - 3 / FA - C03, HistSak - 12/676

Dato: 19.02.2014

Emne: Referat frå møte i jubileumskommiteen 27. januar

Desse møtte: Jon Askeland, Sveinung Kvamme, Rune Rydland, Katarina Birkeland og Bente K. Hervik.

1. Oppdatering: kva er gjort sidan sist?

a. Radøyrappen

Dei fire ungdomane som laga denne rappen skal få 500 kroner kvar for jobben. Katarina ordnar dette. Me må løfta fram rappen ved alle høve me kan!

b. Sæbø skulemusikkklag

Jon skal tala på Sæbø 17. mai, så spørsmålet går ut.

c. Arne Aarseth

Me er positive til at Arne Aarseth lagar utstilling med biletar av ordførarane. Bente sjekkar om han har fått tilbakemelding og følgjer opp.

d. Fanfare

Det kom inn to forslag innan fristen. Juryen er i arbeid og kjem med sin uttale innan 1. februar. Bente følgjer opp dette.

e. Anna?

Effektane er bestilt, men er ikkje komne. Bente undersøkjer.

2. Innspel frå Jarnfrid

Jarnfrid Gunnarson meiner at musikkkulerektor en bør vera med i gruppa. Då gruppa har mandat til å knytta til seg personar det er naturleg å trekkja inn, inviterer me Jarnfrid til å stilla på møta framover.

3. Arrangement og planar har me på agendaen

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no

Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634

a. Klangen av Radøy

Lite tilbakemeldingar. Sveinung tar kontakt med kommiteen. Det er ein føresetnad for å få støtte at arrangementet omhandlar tematikken i kommunejubileet.

b. Idrettsgalla

Arrangementet skal vera 7. mars. Det er ein føresetnad for å få støtte at arrangementet omhandlar tematikken i kommunejubileet. Jon, Monika og Katarina hadde møte, men ingen frå idrettsrådet stilte.

Me vil prøva å samla inn bilete og tekst frå radøyidretten dei siste 50 åra. Katarina tar kontakt med Jostein Borlaug og hører kva han har av stoff.

c. Skulane sine arrangement (tema for møtet etterpå)

Sjå eige referat.

d. Nøtlevågen og Dale bygdelag?

Me ynskjer at opninga av kystsogevekene vert i Nøtlevågen, og kontaktar Dale bygdelag for eit samarbeid. Ein kan nytta 8000 kroner av potten til kystsogevekene til dette arrangementet. Me må i tillegg søkja Kystsogevekene om støtte. Bente følgjer opp.

e. Filmkveld og evt filmproduksjon

Bente har vore i kontakt med NrK. Bente etterlyser klipp på fb og nettsider, og evt andre stader før me tar kontakt med NrK att. Rune har utstyr til å redigera film.

f. Ungdomens demokratikonferanse

Arrangementet vert ei veke i mars. Variert program. Katarina har kontroll på dette arrangementet.

g. Fargespel

Det er vanskeleg å få inn nok midlar til fargespel, men i løpet av februar vert det endeleg avgjort om arrangementet skal gjennomførast. Rune følgjer opp.

h. Internasjonal aften

Me vil prøva å få til ein internasjonal kveld i haust. Me kjem tilbake til arrangementet i eit seinare møte.

i. Musikkkulen sitt jubileum

Musikkkulen feirer at den er 35 år i juni. Me har tidlegare løyvd 10 000 kroner til dette arrangementet. Det er pr i dag ikkje rom i budsjettet for å auka denne løyvinga. Arrangementet kjem me tilbake til på eit seinare møte.

j. Hefte om 17. mai?

Me har fått ein søknad frå sogelaga i Nordhordland om støtte til eit hefte om 17. mai m.m. Jubileumsnemnda finn å kunna støtta prosjektet ved å kjøpa bøker for kroner 5000. Bente svarar sogelaget.

k. Strilane og 17. mai 1814 og evt foredragsturné

Dette er eigentleg eit nordhordlandsprosjekt, men samarbeidet har lagt nede i haust. Radøy sogelag og Radøy bibliotek gjennomfører eit møte som kan vera del av denne turneen 20. februar. Då kjem statsarkivar Yngve Nedrebø og snakkar om strilane og 17. mai 1814. Arrangementet finn stad på Radøy bibliotek . Bente følgjer opp annonsering m.m.

i. Kulturminnesafari

Radøy sogelag vurdeer å ha ein busstur mellom kulturminne i kommunen, evt i samarbeid med Austrheim sogelag. Me kjem attende til dette på eit seinare møte.

m. Trefjellsmarsj

Radøy idrettslag ynskjer å ha trefjellsmarsjen som eit jubileumsarrangement. Bente følgjer opp dette.

n. Jubileumsbok

Boka er planlagd utgjeve i august/september.

o. Instagram

Me vil laga fotokonkurranse på Instagram. Lisbeth har sagt OK. Bente opprettar konto, undersøkjer retningslinjer og moderering og set i gang.

p. Radøy mållag

Radøy mållag ynskjer å ha ei fotoutstilling i haust. Bente held kontakt med mållaget.

q. Vandringar

Opplegget var eit samarbeid mellom nordhordlandsommunane, men ser ut til å gå ut i og med at det ikkje var noko framdrift i prosjektet sidan i sommar.

r. Arne Aarseth

Jfr tidlegare punkt.

s. Mat

Me vil laga små stunt på facebook og nettsida der me oppfordrar folk til å senda inn t.d. oppskrifter, historiar etc. Bente og Jon planlegg dette.

t. Avslutting av jubileumsåret?

Jubileumsåret må ha ei avslutting. Me planlegg fakkeltog t.d. frå Manger til tusenårsstaden i romjula. Me kjem attende til dette i eit seinare møte.

4. Andre arrangement? Kven bør me kontakta?

Bente tar kontakt med Toska bygdelag, Keipane kystlag, pensjonistlaget.

5. Marknadsføring og "effektar"

Mai Liss er i gang med ein mal for marknadsføring. Bente held kontakt med Mai Liss.

6. Revidering av budsjett

Logo	5000
Effektar	22 000
Klangen av Radøy	30 000
Idrettsgallaen	30 000
Barneskulane	40 000
Musikk- og kulturskulen	10 000
Kulturminnesafari	3 000
Radøyrappen	2 000
Demokratikonferanse	20 000
Fanfare	5 000
Foredrag	1 000
Fordeling	20 000
Anna (gåver m.m.)	4 000

Annonsering	8 000
Totalt	200 000

7. Anna

Me lyser ut 20 000 kroner til fordeling mellom søkerar. Bente skriv utlysingstekst.